

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

**Anita G. Johannessen** (Frp) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune går inn for ein 2-nivå modell med primærkommunar og staten for framtidig organisering av forvaltninga i Noreg»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (H, V, Krf, MDG, A) mot 2 røyster (Frp) for Johannessen sitt forslag.

### Innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland viser til vedtak i fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet 5.12.2014 og vedtak i KS hovudstyre den 12.12.2014 samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalte regioner - mål, prinsipper og oppgaver» (datert 8.des. 2014), og anbefaler at følgjande prinsipp bør leggjast til grunn for eit framtidig regionalt folkevalt nivå:

1. I Norge er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevalt styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
  2. Det regionale nivået må få eit klart definert ansvar for dei oppgåver/sektorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalte nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing.
  3. Det regionale nivået må styrkast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektoriell detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyst av folkevalte regioner i samhandling med kommunane innanfor ramma av nasjonal politikk.
  4. Generalistprinsippet skal framleis gjelde for regionalt folkevalt nivå.
  5. Folkevalte regionar bør få overført oppgåver frå staten innanfor følgjande områder:
    - a. Statens vegvesens regionapparat/fylkesavdelingar
    - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
    - c. Kjøp av regionale jernbanetenester
    - d. Delar av Forskningsrådet sine program
    - e. Konesjonsoppgåver og veiledningsoppgåver frå NVE og anna naturressursforvaltning av regional karakter
    - f. Dei delar av BUF-etat som ikkje kan leggast til kommunane
    - g. Miljø/klima
    - h. Landbruk
    - i. Prosjektskjønnsmidlar
- Mange av desse oppgåvene er av ein slik karakter at dei føreset ei anna regional organisering enn dagens. Dette må sjåast i samheng med framtidige endringar i kommunestruktur.
6. Staten bør som hovudregel organisere si verksemd slik at den korresponderer med den folkevalte regionstruktur som blir etablert.
  7. Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.

8. Alle avklaringar som gjeld det folkevalte regionale nivå må skje parallelt med tilsvarande avklaringar knytt til kommunestrukturen, jamfør Stortinget sine føresetningar av juni 2014. Med dette som utgangspunkt ber fylkesutvalet i Hordaland om at Regjeringa i den stortingsmeldinga som vert fremma våren 2015 gjer si vurdering av dei prinsipp som ligger i dette vedtaket.
9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalte nivået bør starte i det enkelte fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.
10. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet forutset at både fylkeskommunane og KS blir trekt aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal ligge til det regionale folkevalte nivå.